

Kommunal plan for anlegg og område innan idrett og friluftsliv i Vågå kommune 2020-2024



1. INNHALD
2. INNLEIING
3. IDRETT OG IDRETTSANLEGG
 - 3.1 Målsetting
 - 3.2 Idrettslag og klubbar
 - 3.3 Andre nærmiljøanlegg
 - 3.4 Leikeareal knytt til bustadfelt
 - 3.5 Kvalitet på anlegga og bruken av desse. Aktivitet og behov framover
 - 3.6 Konklusjon
 - 3.7 Handlingsplan 2020-2024
4. PLAN FOR FRILUFTSLIV
 - 4.1 Målsetting
 - 4.2 FN's bærekraftsmål
 - 4.3 Folkehelse, idrett og friluftsliv
 - 4.4 FYSAK Vågå
 - 4.5 Status og arbeid framover
 - 4.6 Aktørar
 - 4.7 Juridiske verkemiddel
 - 4.8 Økonomiske verkemiddel
 - 4.9 Samarbeid
 - 4.10 Handlingsplan 2020-2024

2. INNLEIING

Kulturdepartementet gav i Rundskriv V-35/93, jf. V 5/98 alle kommunane pålegg om å utarbeide ein plan for anlegg innan idrett og friluftsliv. Fyrste delen av plandokumentet omfattar idrett, idrettsanlegg og nærmiljøanlegg, medan andre delen omfattar anlegg og område for friluftsliv. Handlingsplan for perioden 2020-2024 står etter kvart område.

Arbeidet med ny hovudrullering starta i oktober 2019. Folkehelsekoordinator med ansvar for idrett og friluftsliv la fram forslag til ny plan for folkehelsegruppa i Vågå kommune og Vågå idrettsråd, samt at planen har vore senda ut til gjennomsyn og for innspel til alle klubbar og lag innanfor idrett og friluftsliv knytt til Vågå idrettsråd. Både organa har gjennom møte haust 2019 og vår 2020 sett på planen. Planen blir senda ut til høyring og gjennomsyn våren 2020, med frist 15. juni. Planen blir så revidert etter innkomne innspel, og til slutt politisk handsama.

2. OVERORDNA FØRINGAR

Som grunnlagsdokument for dei vurderingane som er gjort kan følgjande sentrale nasjonale og regionale føringar nemnast:

- **Stortingsmelding nr 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen.** Legg vekt på at idretten skal vera inkluderande og ope slik at alle kan delta. Idrett for alle.
- **Meld. St 18 (2015-2016). Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet.** Friluftsliv er den vanligaste forma for fysisk aktivitet. Gjennom meldinga vil regjeringa bidra til at enda fleire driv med friluftsliv, noko som gjev betre helse og høgare livskvalitet.
- **Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder (2013).** Gjev føringar for prioritering av areal til friluftsliv.
- **Meld St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldingen – Gode liv i eit trygt samfunn.** Gode levekår med fysisk aktivitet gjev god helse og livskvalitet. Vi skal skape eit samfunn som gjev god helse hjå heile folket, uansett alder.
- **Strategiplan for idrett Oppland 2012-2018.** Strategiplan som handlar om den organiserte idretten og gjev oversikt over fylkeskommunen sine mål og innsatsområde.
- **Regional plan for folkehelse i Oppland 2018-2022.** Mål om ein samfunnsutvikling som gjev trivsel, god livskvalitet og god folkehelse hjå alle.

3. IDRETT OG IDRETTSANLEGG

3.1. Målsetting

Hovudmålsettinga er å utvikle eit rikt opplevings- og fritidstilbod for innbyggjarane, med vektlegging på trivsel, velferd og utvikling.

Delmål er å leggje til rette for fysiske aktivitetar med tanke på utvikling, aktivitet, trivsel og helse, gjennom ei fornuftig utbygging av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg, og ved å stimulere til auka innsats for å ta vare på eksisterande anlegg.

Idrettspolitikken i Norge skal bidra til at folk har eit breitt spekter av lokalt forankra aktivitetstilbod, både i regi av den friviljuge medlemsbaserte idretten og gjennom moglegheita for eigenorganisert aktivitet.

Idrett og fysisk aktivitet har positive effekt både for kvar enkelt og for samfunnet. Det går ikkje noko klart skilje mellom eigenverdien ved fysisk aktivitet og den samfunnsmessige betydinga idrettsarbeidet har. Idrett er viktig på alle nivå, for alle som driv med det, og for mange rundt dei, og verdien og effekten knytt til utøving av idrett er hovudgrunngevnaden for den statlege støtta til idrettsformål.

Det er viktig å støtte den friviljuge, medlemsbaserte idretten, slik at ein kan oppretthalde og utvikle eit omfattande og godt aktivitetstilbod der folk bur. Det er også viktig med gode idrettsanlegg som gjev flest mogleg anledning til å drive idrett og fysisk aktivitet, og som speilar aktivitetsprofilen i befolkninga.

Den viktigaste målgruppa for den statlige idrettspolitikken er barn og ungdom.

3.2 Idrettslag og klubbar i Vågå

Namn	Medlemstal totalt (per 2020)	Medlemar under 18 år
Vågå IL	550	312
Sjårdalen IL	209	51
Tessand IL	139	52
Lalm IL	196	62
Jotunheimen MX-klubb	124	53
Jotunheimen Fjellsportklubb	87	26
Vågå Skyttarlag	33	20
Vågå Pistolklubb	26	0
Lalm ishockeyklubb	89	32

3.3 Andre anlegg og nærmiljøanlegg i Vågå

- Luftsportsenteret i Vågå
- Lalm samfunnshus : gymsal, leikeplass inntil samfunnshuset
- Lalm skule og barnehage : stor ski- og akebakke. Ballbinge og sykkelløype.
Nærmiljøanlegg
- Sjørdalen samfunnshus : Gymsal
- Sjørdalen grendahus/ Dagsenteret : leikeplass
- Tessand grendehus : utleigerom
- Skogbygda og Skårvangen grendehus : utleigerom
- Skogbygda fleirbruksbane : bane for hest og hund
- Vågå ungdomsskule : nærmiljøanlegg, grasbane, handballbane
- Vågåmo skule : ballbinge, håndballbane, grasbane, nærmiljøanlegg
- Midtli grendehus : utleigerom, pistolbane
- Lemonsjøen alpiner senter : alpinløyper
- Vågåfjell turløyper SA. 300 km med skiløyper og mange turstigar.
Skal også bli sykkel- og turstigar i Vågå kommune.
- Dompe aktivitetspark : ulike leikeapparat, akebakke, nærmiljøanlegg
- Lemonsjøen løypenett: skiløyper ved Lemonsjøen og i Sjødalen
- Moajordet aktivitetspark med parkour, sykkelbane og skatepark
- Aktivitetshuset ved Vågå ungdomsskule : kulturskolen sine aktivitetar
- Vågåhallen og Vågå kulturhus
- Randsverk : gapahuken
- Klones : gymsal
- Sjørdalstrimmen v/ Sjørdalen kvinnelag
- Vågåtrimmen v/ Andersen Gott
- Tessand barnehage / grendahus : klatrevegg, grasbane
- Søre Grindstugu barnehage
- Ponderosa Downhill i Nordherad
- Vågå treningssenter v/ Vågå Hotel
- Tytingen gards og naturbarnehage
- Trudelutten barnehage

3.4 Leikeareal knytt til bustadfelt:

- Stokstadåsen
- Sveaholen
- Lalm
- Utstillingsplassen
- Kjøpangerjordet

- Nedre Langskåre
- Haugøyjordet
- Dompe
- Randsverk
- Krokjordet

Område regulert til leik går elles fram av den enkelte reguleringsplan.

3.5 Kvalitet på anlegga og bruken av desse, samt behov framover. Aktivitet knytt til laget/klubben.

Lalm IL :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Ljosløype Lalm Rulleskiløype	Veldig bra	Stor	Vanleg vedlikehald
Skianlegg Heidalsskogen (medeigar)	Bra	Stor	
Friidrettsstadion	Bra	Bra	Vanleg vedlikehald
Grasbane fotball	Bra	Bra	Vanleg vedlikehald



Sjårdalen IL :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Friidrett løpebane	Fotballbane fin Løpebane dårleg	Stor Liten	Stort behov, men ikkje prioritert.
Ljosløype	Bra	Bra	Nytt ljøsarmatur, oppgradering
Tennisbane	Bra	Bra	Ny asfaltering
Turstignett og gapahuk Storhovda	Bra	Veldig bra	Vanleg vedlikehald
Sandvolleybane	Bra	Liten	



Tessand IL :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Ljosløype	Veldig bra	Stor	Vanleg vedlikehald
Skileikbakke Mån	Veldig bra	Stor	Vanleg vedlikehald



Vågå IL :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Grasbane 11er fotball	Bra	stor	Treng mer stell enn vanleg vedlikehold. Nokre store ujevnheiter som må utbetrast.
Minigrasbane fotball x 2	Dårleg	Middels	Treng å renoverast. Planlagt vår 2020.
Kunstgrasbane 11er fotball	Bra	Stor	Trenger vedlikehaldsreiskap: harv og slodd, for at bana skal bli jamnast mogleg og at det ikkje etablerast ugras frå lauv som brytast ned. Ballfangarnett gjenstår å monterast langs Finna og mot riksvegen.
Halland multisportbane 1 (Nærmiljøanlegg for fotball, bandy, volleyball og badminton).	Bra	Stor	Bygd hausten 2019.
Halland multisportbane 2 (Nærmiljøanlegg for fotball, bandy, volleyball og badminton).	Bra	Stor	Bygd hausten 2019.

*Det er eit ønske om å realisere eit felles klubbhus for heile idrettslaget. Eit viktig kriterie er at det blir bygd slik at det blir naturleg for både handball-, turn-, fotball- og skigruppa å bruke det. Blir bygd i nær forbindelse med Vågåhallen? Det vil vera eit stort løft for idrettslaget og fasilitere «oss-følelsen» (tilhørigheten), samt skape ein opphaldsstad for de friviljuge.



Lalm ishockeyklubb :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Proel Arena	Bra	Stor	Vanleg vedlikehald
Curling	Bra	Stor	Vanleg vedlikehald



Jotunheimen fjellsportklubb :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Klatrevegg i Vågåhallen	Bra, var oppgradert i 2017	Stor	Vanleg vedlikehald
Buldrerom	Bra		Vanleg vedlikehald

- Benyttar også andre område både i Tronoberget /Lom, Ølberget på Vinstra og Røysa/Vågå. Krev rensking av ruter, rebolting m.m.



Jotunheimen MX-klubb :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Mini crossbane	Bra	Stor	Vanleg vedlikehald
Hovedbane	Bra	Stor	



Dompe aktivitetspark

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Fotballbane Leikeplass Ake- og skibakke	Bra	Stor	Vedlikehald og oppgradering toalett



Moajordet aktivitetspark:

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Skatepark BMX/sykkelbane Parkour og volleyball	Bra	Stor om sommaren	Generelt vedlikehald

Vågå Pistolklubb :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Pistolskytebane, bruker lokala som skyttarlaget har i Skogbygda og på skyttarbana	Bra	Bra	Vanleg vedlikehald

Vågå skyttarlag :

Anlegg	Kvalitet på anlegg	Aktivitet	Behov framover
Skyttarbane	Bra	Stor	Vanleg vedlikehald
Innandørs miniskytebane	Bra	Stor	Vanleg vedlikehald



3.6. Konklusjon

Den totale anleggsmengda i Vågå dekkjer ein tilfredstillande variasjon av ulike aktivitetar, sjølv om det er enkelte manglar. Likeeins representerer anleggsmengda ei fornuftig geografisk spreining, der det er teke omsyn til behov både i sentrum og i grendene. Den viktigaste oppgåva framover må vera vedlikehald og rehabilitering av eksisterande anlegg. Samstundes må ein sjå på behov som oppstår i høve til ulike aktivitetar. Idrettslag og klubbar bør vurdere økonomiske og praktiske sider på tanke på sambruk. Nærmiljøanlegg er ei prioritert stønadsgruppe, og ei utbygging av slike anlegg skaper aktivitet og trivsel. Vågå er ei Fysak-kommune, og skal såleis ha fysisk aktivitet høgt oppe i sine prioriteringar, også i budsjettsamanheng. Ei utfordring som ein ser i mange aktivitetar, er å rekruttere leiarar i det friviljuge aktivitetsarbeidet. Det er difor viktig å ha eit godt fungerande idrettsråd og samarbeid med mellom anna Innlandet idrettskrets.

3.7 Handlingsplan 2020-2024

Nærmiljøanlegg er ei prioritert stønadsgruppe, og ei utbygging av slike anlegg skaper aktivitet og trivsel.

Søknader om spelemiddel 2020:

1. Klatrevegg Vågåhallen v/ Vågå kommune. Søknadsbeløp 310 000 kr. Ordinært anlegg.
2. Multisportbane 1 v/ Vågå IL. Søknadsbeløp 281 000 kr. Nærmiljøanlegg.
3. Multisportbane 2 v/ Vågå IL. Søknadsbeløp 281 000 kr. Nærmiljøanlegg.
4. Rehabilitering ljosløype v/ Sjørdalen IL. Søknadsbeløp 383 000 kr. Ordinært anlegg.
5. Historisk vandrerute v/ Vågå kommune. Søknadsbeløp 300 000 kr. Nærmiljøanlegg.
6. Svømmehall Vågå kulturhus v/ Vågå kommune. Søknadsbeløp 5 400 000 kr. Ordinært anlegg.

4. PLAN FOR FRILUFTSLIV

ADGANGSKORT TIL NORSK NATUR

DØGN- OG HELÅRSÅPENT
Adgangskortet gjelder utmark
- fjell, skog, hei, strand, myr o.l.
Adgangskortet gjelder ikke innmark
- dyrka mark, hager, tomt o.l.

Det forutsettes at du ikke skader naturen eller er til sjanse for grunneier eller andre brukere.

ALLEMANNSRETEN
er adgangskortet til norsk natur og gir:

- Rett til fri ferdsel til fots i utmark
- Rett til å sykle og ri på fjellet, og på stier i og til utmark i lavlandet
- Tilgang til gratis bad (i sjø, vann og elver)
- Fri tilgang til VIP sitte- og hvileplasser med utsikt og mulighet for strandlinje
- Fri bruk av ski i løssne og preparerte løyper
- Rett til å nyte medbrakt mat og drikke
- Fri adgang til bær- og soppbuffet
- Sjøfisk til alle og ferskvannsfisk til barn under 16 år (forutsetter fiskekøyke med stang)
- Fri overnatting - begrensa til to døgn og minst 150 m fra bebodd hus eller hytte i lavlandet
- Hund tillatt i alle naturrom - men følg bestemmelser om båndtvang

Reinholdspersonalet er på tur - ta med egen søppel hjem.

Allemannsretten, som på visse vilkår gir alle rett til ferdsel, opphold og heisting i utmark, uavhengig av hvem som er grunneier, er nedfelt i Friluftsløven. Her gis en forenkla framstilling.
Les mer på www.friluftsradet.no/no/Tema/Friluftsliv/Allemannsretten

Friluftsrådernes Landsforbund

Foto: Ann-Monica Agren

4.1 Målsetting

Friluftsliv er ein viktig del av norsk kultur og tradisjon. Norsk friluftsliv er kjenneteikna ved naturvenleg ferdsel og omsynsfull bruk av naturen. Friluftsliv blir definert som «opphald og fysisk aktivitet i friluft med sikte på miljøforandring og naturopplevingar». Ut frå denne definisjonen er det fastsett at «det skal leggjast vekt på ein kjerne av ikkje konkurranseprega, ikkje motoriserte fritidsaktivitetar som drives på allment tilgjengelige naturprega område». Målet om eit naturvenleg friluftsliv gjer at samtidig som ein må arbeide for mest mogleg aktivitet, må ein også prøve å unngå uheldige inngrep, slitasje og forstyrringar i naturen. Rettleiing og informasjon er generelt viktig for både «nye» og meir tradisjonelle aktivitetar.

4.2 FNs bærekraftsmål

Noreg si regjering har bestemt at FNs 17 bærekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for vår tids største utfordringar. Fleire av bærekraftsmåla vil også ha innverknad på kommunen sitt folkehelsearbeid. Bærekraftsmål 3 skal sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder. Bærekraftsmål 11, Bærekraftige byar og samfunn - delmål 11.7, skal sørgje for; “allmenn tilgang til trygge, inkluderende og lett tilgjengelige grøntområder og offentlige rom, særlig for kvinner, barn og eldre samt personer med nedsatt funksjonsevne”.

4.3 Folkehelse, idrett og friluftsliv

Å få fleire til å delta i fysisk aktivitet utandørs vil gje gode folkehelseeffektar. Det er i dag ei utfordring at berre to av ti vaksne er tilstrekkeleg aktive, og kun halvparten av dei på 15 år. Helse- og omsorgsdepartementets nye aktivitetsdata for 2018 viser også ein svak nedgang i aktivitetsnivået til 9-årige gutar.

Friluftsliv kan vera ein nøkkel til å få med mange som i dag er inaktive, fordi:

- Heile 78 % av befolkninga oppgjev at dei går fotturar i skogen eller fjellet (SSB, 2017) – dette er ein form for fysisk aktivitet mange trivst med.
- Å vera fysisk aktiv i naturen og nærmiljøet er den aktiviteten nordmenn oppgjev at dei helst ønskjer å gjera meir av (Helsedirektoratet 2014).
- Blant ulike former for fysisk aktivitet er friluftslivsaktivitetar dei som viser størst grad av sosial likheit i deltaking (Breivik og Rafoss, 2017).

Å gå tur er den vanlegaste aktiviteten i alle grupper, og det er låg terskel for å bli med. Kombinasjonen fysisk aktivitet og naturoppleving gjev gode helseeffektar, og friluftsliv er ei viktig kjelde til livskvalitet og både fysisk og psykisk helse. Kvardagsfriluftslivet er av stor betydning for den generelle folkehelsa. Merka turstigar, skiløyper, akebakkar, badeplassar, fiskeplassar, skogsområde og andre grøntareal i nærleiken av der folk bur, er viktige å ivareta og utvikle.

Stigar og løyper er friluftslivets viktigaste anlegg/infrastruktur, og ein forutsetnad for å få folk meir aktive. Eit godt og samanhengande stig- og løypenett, som tilfredsstillar ulike brukargrupper sine ønskje og behov, er difor viktig.

For å oppnå dette er ein turruteplan (stig- og løypeplan) eit godt verkemiddel. Tiltak kan vera å:

- Utarbeide og lage ein turruteplan for Vågå kommune
- Prioritere anlegg for friluftsliv, under dette stigar og løyper, i kommunens fordeling av spelemiddel.

Også Innlandet fylkeskommune har i sine kriterier for tildeling av spelemiddel, at anlegg for eigenorganisert aktivitet blir prioritert, slik at søknadene får innvilga spelemiddel seinast andre år søkt. Dette gjeld nærmiljøanlegg og tettstads- og bynære friluftslivsanlegg.

Innlandet fylkeskommune gjev gjennom ulike ordningar tilskot til sikring av friluftsområde, friluftaktivitet og tiltak i sikra friluftsområde.

4.4 FYSAK Vågå

FYSAK Vågå har følgjande hovudmål : « Bidra til å betre helsa til folk i Vågå kommune generelt, auke livskvalitet, trivsel og redusere sjukdom. Delmål : Motivere dei som fell utanom organisert aktivitet, samt foreiningar til å bli meir aktive.» FYSAK har såleis ei viktig rolle i kommunen til å vera med og stimulere til fysisk aktivitet. Dette blir gjort med økonomisk støtte til brøyting, utstyr, leige av rom m.m. I 2020 har Fysak Vågå ute 14 turposter, både innan kortare turmål og lengre turmål. Dei korte turmåla er til Hølen, Vanglandsrunnda, Klones, til Sveaholen, Skyttarpallen og til Lye. Dei lengre turmåla går til Gjesingvatnet og Veslvassfjellet ved Tesse, Svarthovda i Sjørdalen, gapahuken i Randsverk, Rindhovda i Randsverk, Grevrusten i Nordherad, Liatjønnet og Kvennberget på Lalm og Nordsetrene i Skogbygda. Kvar haust blir det trekt ut eit gåvekort og småpremiar.

Lag og organisasjonar i Vågå kan søkje Vågå kommune om FYSAK-middel. Potten i 2020 er på 25 000 kr, denne kan med fordel aukast for å få til enda meir aktivitet.



4.5 Status og arbeid framover

Barn og unge er ei målgruppe innan friluftsliv. I 2013 var den lokale læreplanen for uteskule og friluftsliv ferdig utarbeidd, der det er lagt inn aktivitetar for kvart årssteg i heile kommunen. Her er det lagt inn fagleg stoff og opplæring frå den generelle læreplanen for alle årssteg, kombinert med aktivitet utandørs både i Vågå og utanom kommunen. Elevane får også innsikt og auka medvit for kulturlandskapet i Vågå, samt til historier og kvalitetar knytt til landskapet.

Frå 2019 driv også Lalm og Vågåmo skule med «Aktiv læring» Fysisk aktiv læring handlar om å integrere fysisk aktivitet i undervisninga. Bruk av fysisk aktiv læring kan optimalisere læreren si undervisning og elevane si læringsoppnåing.

Med eit totalareal på 1326 km², der mesteparten av arealet er fjell og skog, er det god plass for å drive friluftsliv i Vågå. Vågå kommune har inngått eit samarbeid med Sel og Lom kommunar om stig- og løypenett i kommunane. Formålet med samarbeidet er å legge til rette for god dialog på tvers av kommunegrensene og mellom ulike aktørar/brukarar av løypenettet (ski/sykkel/fottur) Organiseringa skal legge betre til rette for felles drøfting og avklaring av eventuelle behov for konkrete tiltak i løypetraseane, justeringar, tilrettelegging for sykling med meir, til det beste for alle brukargrupper. Områda ved Lemonsjøen (Heimfjellet) og i Sjodalen er mest brukt i friluftslivsamanheng. I desse områda er det også flest private hytter og turisthytter i kommunen.

Tilkomsten til områda er gode og det er mykje attraktive turmål. Turstig- og løypenettet er bra, og jakt- og fiskehøva gode. Nærområda og fjellet kring grendene er spesielt viktige friluftsområde for Vågå sine innbyggjarar.

Lalm	Tolstadåsen, Kvennberget og Heidalsskogen
Sjårdalen	Bringsfjellet, Ottlie og Åsen
Tessand/ Randsverk	Veslvassfjelle, Storviksmorkje, Tesse
Vågåmo	Vanglandet, Likvegen, Lindalen

Nordherad	Turstigar frå sentrum til Lom si grense, til saman 50-100 km.
Skogbygda og Skårvangen	Finndalen, Nordsetrene og Jøndalen
Skjellum/Sæta	Jetta-området

Jakt og fiske i Vågå er populært og det er seld både mange tusen fiskekort og småviltjakkkort årleg i kommunen. Det er laga egne jakt- og fiskekart for Langmorkje og Nordherad statsallmenningar. Elles har Vågå fjellstyre eigen heimeside med oppdatert informasjon, der dei også mellom anna har hytteutleige tilgjengeleg, både for innanbygds og utanbygds.

4.6 Aktørar

Aktørane i arbeidet med friluftsliv kan delast i tre kategoriar ; det offentlege, friluftslivsorganisasjonar og grunneigarar. I tillegg kjem reiselivet. Statskog og fjellstyret er innanfor dei to siste. På fylkesnivå er fylkesmannen og fylkeskommunen dei to mest sentrale innan det offentlege. Friluftslivsorganisasjonane representerer eit breitt spekter av aktivitetar og arbeider ut frå egne målsettingar. Lalm turlag i regi av Lalm IL og DNT Gudbrandsdalen arrangerer også turar gjennom heile året.

Grunneigarorganisasjonane forvaltar arealressursane for friluftslivet og er på den måten premissleverandør for utøvinga av dette. Grunneigarane disponerer rettar på eigedomane og kan til dømes nekte inngrep og tilrettelegging.

4.7 Juridiske verkemiddel

Naturmangfaldlova er ei sektor-overgripande lov, som gjeld alle tiltak og all bruk som påverkar norsk natur. Det betyr at beslutningar som blir gjort etter anna lovverk, for eksempel plan- og bygningslova, må sjåast i samheng med naturmangfaldlova. Plan- og bygningslova styrer arealplanlegging på riks-, fylkes- og kommunenivå. Dette er den viktigaste lova når det gjeld forvaltning av arealressursar og dermed ivaretaking av naturvern- og friluftslivinteresser. Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar er viktige også med omsyn til friluftslivet.

Friluftslivlova sikrar den frie ferdselsretten i utmark og retten til å plukke bær og sopp. Lova pålegg alle som ferdist i naturen ein generell plikt til å vise omsyn og varsemnd (§11), og regulerer elles mange tilhøve som er knytt til utøvinga av friluftsliv.

Vassressurslova har reglar om både bruk og utnytting av, samt ferdsel i vassdrag.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag tek sikte på å verne om naturmiljøet og fremje trivselen, altså å tilgodesjå rekreasjonsverdiar, friluftsliv og naturopplevingar. I lov om forvaltning av naturens mangfald står det : «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i framtida, også som grunnlag for samisk kultur».

I lov om viltet er formålet å forvalte viltet og leveområda for viltet slik at produktiviteten

og artsfridomen i naturen blir ivareteke. Innanfor denne ramma kan viltproduksjonen bli hausta til gode for landbruksnæring og friluftsliv.

I lov om laksefisk og innlandsfisk er formålet å sikre naturlege bestandar av laksefisk og ferskvassfisk samtidig som dei kan bli utnytta best mogleg av allmenta og fiskerettshavarane. Lova heimlar ulike verkemiddel for å sikre fisketilbodet for allmenta, mellom anna retten til å fiske gratis alle plassar for dei under 16 år.

I formålsparagrafen til lov om skogbruk og skogvern står det at det skal bli lagt vekt på verdien skogen og har som rekreasjonskjelde for menneska, som ein viktig del av eit landskapsbilete, som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. Det kan etter § 17 b bli fastsett forskrifter for område av særleg verdi for friluftsliv.

I følgje Fjellova skal fjellstyret «arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftslivsinteressene».

Lova slår vidare fast at «kommunestyret skal syte for at jakt-, fiske- og friluftslivsinteressene vert representerte i fjellstyret...» Omsynet til friluftsliv er ivareteke gjennom ei rekkje særlover. Av andre lover kam nemnast jordlova, konsesjonslova, kulturminnelova og lov om bygdeallmenningar.

4.8 Økonomiske verkemiddel

Innlandet fylkeskommune har forvaltningsansvaret for statlege tilskotspostar innanfor vilt, friluftsliv og kulturminnevern, og fordeler kvart år middel til ulike tiltak. Det er også statlege tilskotsordningar til andre naturforvaltningstiltak som blir forvalta av Fylkesmannen. Landbrukskontoret i Vågå og Sel administrerer tilskotsordningar som går til spesielle tiltak i jordbruket sitt kulturlandskap. Dei administrerer også middel som kan bli nytta til å betre framkomsten i jordbruksområde ved etablering av turvegar og stigar. Tippemiddel kan gå til anlegg for friluftsliv som turvegar, turskiløyper og turkart. Kulturmiddel er middel som alle friviljuge organisasjonar kan søkje på i kommunen. Statens utdanningskontor kan gje tilskot til forsøks- og utviklingsarbeid etter søknad frå skular.

4.9.Samarbeid

Aktuelle partar å samarbeide med friluftsliv om er velforeiningar, turlag, Fjellsporklubben, jeger- og fiskeforeininga, DNT Gudbrandsdalen, naturvernforbundet, idrettslaga, fjellstyret, 4 H-lag, Jotunheimen reiseliv, grunneigarlag, grendelag, grunneigarar, småbrukarlag, bondelag med fleire.

4.10 Handlingsplan 2020-2024

Nærmiljøanlegg er ei prioritert stønadsgruppe, og ei utbygging av slike anlegg skaper aktivitet og trivsel. Innlandet fylkeskommune, og dermed Vågå kommune, arbeider for at alle skal ha høve til naturopplevingar og friluftsliv i nærmiljøet sitt. Kvardagsfriluftslivet er av stor betydning for den generelle folkehelsa. Merka turstigar, skiløyper, akebakkar, badeplassar, fiskeplassar, skogsområde og andre grøntareal i nærleiken av der folk bur er viktige å ivareta og utvikle.

Innlandet fylkeskommune kan gjennom ulike tilskotordningar gjeva tilskot til sikring av friluftsområde, friluftaktivitet og tiltak i sikra friluftsområde. Her må Vågå kommune søkje på tilskot der ein kan.

Vågå kommune jobbar med å få til kart over alle merka løyper i heile kommune. Per dags dato er det eit godt merka løypenett ved Lemonsjøen og i Sjudalen, der aktiviteten er stor vinterstid. «Hulderstigen» i Sjudalen er mykje brukt og er ein 5,5 km lang natur og kulturstig med 15 informasjonstavler undervegs. Informasjonstavlene er teksta både på norsk, engelsk og tysk. Elles har Vågå mange stigar og turløyper ved Gjende, som alle er godt merka gjennom DNT. Friviljuge har utarbeidd eit kart over alle turstigar på Lalm, der sykkel- og gåstigar er merkt. Nordherad grendalag har også utarbeidd eige kart og informasjonstavler over stigar i Nordherad. Sjørdalen II har merka turløyper i heile Sjørdalsfjellet, på Bringen og i Heimfjellet. Det var i 2014 etablert og merka eigen sykkelrute på solsidevegen mellom Vågå og Lom.

Vågå kommune skal i løpet av 2020/2021 kartlegge og verdsette viktige friluftsområde. Kartlagde friluftsområde er eit av temadatasett som inngår i det offentlige kartgrunnlaget (DOK) DOK er definert i plan- og bygningslova §2-1 og i kart- og planforskrifta, og er dei datasett som skal leggest til grunn ved behandling av saker etter plan- og bygningslova i kommunane. Eit mål med kartlegginga er å sikre at viktige friluftslivsområde blir ivareteke i offentleg forvaltning og planlegging som ein viktig ressurs også for framtida. God tilgang til friluftslivsområde er ein ressurs både i folkehelsesamanheng og også innan naturbasert reiseliv.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområda i kommunen er på nasjonalt nivå vurdert som ein grunnleggande føresetnad for god forvaltning og ivaretaking av desse områda på lang sikt. Kartlegging vil gje eit betre grunnlag for ivareta friluftslivinteressane gjennom planlegging og behandling av enkeltsaker. Vidare vil det gje betre grunnlag for meir målretta forvaltning og underlag for eventuelle søknader om spelemidlar/sikringsmidlar, samt vere eit godt grunnlag om ein skal utarbeide stig- og løypeplan.

